



Blomsterkrukkene pyntar vakkert opp.

**Så enkelt - så vakkert.
To blomkekrukker pyntar opp Hauglandskrysset i år som i fjor.
Edith Haugland er blomeglad, eller skal vi heller sei blomegal.**

Ikkje nok med at ho pyntar i eigen hage. Nei, ho set fram blomkekrukker i eit vegkryss på Haugland i Uskedalen. Det er eit vakkert blikkfang, og forbigåande stoppar opp, legg merke til dekorasjonen og kommenterer kor vakkert det er.

Ikkje nok med det. På vegen på Heio mot Kalkstasjonen har Edith gjort det same på ein fint tilrettelagt rasteplass.

Det er mykje fint i sentrum for tida med blomebed og plenar. Tett på kjem Hauglandskrysset.

Det visuelle inntrykket er viktig i alle bygder. Kven vert inspirert og gjer det same på andre plassar i Uskedalen.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal